Møte FAU Hellen skole 4. november 2026 kl 18:00-20:00

Til stades: Anne Myhrvold, Siren Dyrnes Myrmel, Iselin Årdal, Mira Mykletun, Frode Olsnes Heen, Kristine Nygaard Haukeland, Egil Hafstad Gleditsch, Ida Areklett Garmann, Jeanette Skotvold, Andreas Sævig, Inger Cecilie Nordhagen, Pål Ringkjøb Nielsen

Forfall: Hilde Rusten, Johan Andre Skrede, Beate Ollestad Kvinen

Saksliste

1. Godkjenning av saksliste
2. Val av leiar
3. Stemme over vedtaksdyktigheit
4. Orienteringar frå rektor
5. Evaluering av Halloween
6. Budsjett og økonomirutinar
7. Planlegging av foreldremøte
8. Representant til Kommunalt foreldreutval (KFU)
9. Eventuelt

Sak 1: Godkjenning av saksliste

Det kom inn ei sak til eventuelt om samarbeid mellom sentrumsskulane.

Vedtak:

Saklista vart godkjend.

Sak 2: Val av leiar

FAU gjennomførte nytt forsøk på konstituering etter at det ikkje vart valt leiar på førre møte.

Vedtak:

Kristine Nygaard Haukeland vart vald til leiar for FAU Hellen skole for skuleåret 2026/2027. Alle verva er dermed satt:

a. Leiar: Kristine Nygaard Haukeland
b. Nestleiar: Iselin Årdal
c. Økonomiansvarleg: Pål Ringkjøb Nielsen
d. Sekretær/referent: Hilde Rusten

Sak 3: Stemme over vedtaksdyktigheit

FAU diskuterte formuleringa knytt til når utvalet skal reknast som vedtaksdyktig, jamfør § 6 i vedtektene. Etter diskusjon vart det semje om å forenkle formuleringa slik at FAU er vedtaksdyktig når alle trinn er representerte på møtet. Samstundes vart det foreslått å fjerne formuleringa om at FAU er vedtaksdyktig dersom sju representantar er til stades.

Vedtak:

Formuleringa i § 6 i vedtektene blir endra til følgjande:

Teksten *«FAU er vedtaksdyktig dersom 7 representanter er til stede»* blir fjerna frå vedtektene.

Sak 4: Orienteringar frå rektor

Rektor orienterte om aktuelle saker ved skulen.

- Det har vore refleksaksjon med besøk frå politiet og Trygg Trafikk med god oppslutnad. Skulen gjennomførte òg ei vellukka FN-samling.
- Rektor informerte om kommunale retningslinjer knytt til KI-briller og kunstig intelligens. Det er forbod å bruke KI briller på skulen for både foreldre og elevar. Smartklokker kan fortsett takast med på skulen, men skal liggje i sekken gjennom skuledagen.
- Det er gjennomført kartleggingsprøver på 3. trinn. Resultata frå nasjonale prøver er førebels ikkje samanlikna nasjonalt, men ser lovande ut. Elevundersøkinga er gjennomført, og resultata kjem i desember.
- Skulen startar leseaksjon 20. november. Det er sett opp bokbytehylle i første etasje ved inngangen, og elevrådet skal bidra ved oppstart. Bøker som blir donert bør vere eigna for barn mellom 6 og 12 år.
- Rektor orienterte vidare om den økonomiske situasjonen for skular i Bergen kommune. Skulane er varsla om budsjettkutt, og rektor opplyste at Hellen skole allereie har eit underskot i budsjettet. Det er innført innkjøpsstopp ut året, men lærarnorm og lovpålagde krav skal framleis oppfyllast.
- Møte i samarbeidsutvalet (SU) blir halde 23. november. FAU skal vere representert på møtet. Skuleruta blir handsama på møte i januar.

Sak 5: Evaluering av Halloween

FAU evaluerte årets Halloween-arrangement.

Pyntegruppa melde om godt oppmøte og vellukka gjennomføring. Kjøkkengruppa rapporterte òg om god gjennomføring og mindre matsvinn enn venta. Det var likevel noko uklart kring servering til 7. trinn, og fleire foreldre hadde ikkje fått med seg at det berre vart servert kyllingpølser. Dette bør kommuniserast tydelegare neste år.

Ryddinga gjekk effektivt, men det vart meldt at golvvasken ikkje var godt nok utført. Dette bør takast inn i instruksen for arrangementet.

Nokre trinnkontaktar opplevde at praktiske rutinar under arrangementet var uklare. Døme på spørsmål som kom opp var kor mange pølser som skulle delast ut per barn, og kvar ein fann saft. FAU ønskjer å oppdatere instruksen slik at slik informasjon kjem tydelegare fram ved framtidige arrangement.

Rektor opplyste at skulen berre hadde motteke positive tilbakemeldingar frå dei tilsette etter arrangementet.

FAU diskuterte òg organiseringa av gågruppene. Dersom barn ikkje ønskjer å gå i dei fastsette gruppene, bør føresette og trinnkontaktar finne løysingar lokalt. Det vart òg understreka at storleiken på gruppene må tilpassast område og lengda på ruta.

Sak 6: Budsjett og økonomirutinar

Økonomiansvarleg gjekk gjennom budsjettforslaget for skuleåret 2026/2027:

Vedtak:

FAU vedtek budsjettet for skuleåret 2026/2027.

Sak 7: Planlegging av foreldremøte

FAU diskuterte innhald og organisering av foreldremøtet vinter 2027. Erfaringane frå tidlegare møte med stands frå ulike aktørar i gymsalen og felles orientering på basane var gode, og FAU ønskjer å byggje vidare på denne modellen.

Det vart peika på at reine temamøte ofte har lågare oppslutning. Rektor vil kontakte aktørane som deltok sist og sende ut invitasjonar. Foreldremøtet er planlagt til 18. februar 2027.

Det kom òg innspel om å etablere ein kafé med sal av kaffi og enkel servering til inntekt for FAU. Moglegheit for barnevakt under møtet blir teken opp att på neste FAU-møte.

Vedtak:

FAU arbeider vidare med planlegginga av foreldremøtet 18. februar 2027.

Sak 8: Representant til Kommunalt foreldreutval (KFU)

FAU treng ny representant til KFU etter at den førre representanten flytta frå området. Det vart opplyst at KFU gjerne ønskjer to representantar frå Hellen skole. FAU ønskjer å innhente erfaringar frå den tidlegare representanten før ny representant blir vald. Saka blir difor teken opp att på neste møte.

Vedtak:

Val av representant til KFU blir utsett til neste møte.

Sak 9: Eventuelt

Skular i Bergensområdet har fleire år på rad hatt sommaravslutning same dag og til same tid, noko som gjer det vanskeleg for familiar med born på begge skulane å delta på begge arrangementa. Ved Hellen skole er Helledussen den einaste faste avslutningsdatoen.

Det vart også orientert om dialog mellom sentrumsskulane om framtidig bruk av Rothaugen skule. Mange foreldre ved barneskulane er uroa over ungdomsskole i sentrum og for dei mellombelse ordningane for skole og skyss under oppussing og nybygg. FAU ved barneskulane i sentrum ønskjer difor å samordne seg, sidan det er borna vi representerer som

blir råka. FAU ønskjer å følgje saka vidare, og Siren kan representere Hellen FAU i eventuelle felles møter.

FAU diskuterte komande møte i samarbeidsutvalet (SU). Det vart ikkje meldt inn saker frå FAU til møtet på noverande tidspunkt.

Til slutt vart det peika på at enkelte trinn framleis manglar vararepresentantar til FAU, og at det er ulik praksis mellom trinna når det gjeld informasjon om trinnkontaktar og FAU-representantar.

Referent: Pål Ringkjøb Nielsen